

Referat frå FAU møte 25.01.23 kl 1830 – 20.

Alle klassane var representerte, det var eit godt møte med stort engasjement i foreldregruppa!

Sak 1 . oppfølging av saker frå SU møtet:

Bytedag av klede; jule- og ballkjolar og penklede/dress

Dette er ein forspurnad frå elevar om det er muleg å få til ein byte dag for å hindre kjøpepress. Det er framfor nyttårsballet til ungdomsskulen at mange føler eit press at dei må ha ny kjole og korleis vere med å minske dette. FAU var positive og ønsker 9. klasse kan arbeide vidare med ei slik ordning, kanskje gjennomføre ein slik dag på hausten kvart år? Det kom forslag frå FAU om evt. gjennomføre ein slik dag med ungdomsskulane i Førde (evt for ungdomsskulane i heile kommunen, muleg det vert for stort). Kanskje dette kan luftast på neste møte med KFU (kommunalt foreldre utval).

Heim-skule samarbeid: vurderingane til elevane i Visma har tidlegare vore ei sak i FAU, i tillegg har dette også vore ei sak i SU.

Det kom fram ulike synspunkt på ordninga med vurderingar og oppfølging av elevane, men her er det riktig å nemne det vert oppgitt det er ulik praksis mellom klassane.

Nokre foreldre opplever det vert lagt for mykje ansvar for opplæringa på eleven, og nokre foreldre ønskjer meir innspel frå lærar kva eleven treng hjelp/tips til for å kome vidare i faget. No etter det meste foregår på teams kjem det fram at foreldre ikkje får følge like godt med på elevens sin skuledag.

Vekeplan: det er ønske om å få tilsendt vekeplan i VISMA, samtidig som den blir lagt ut til elevane. Slik kan ein følge med på kva prøver og oppgåver elevane har og foreldra kan vere med å minne på dette. Det er i dag variasjonar korleis dette blir gjort, mange klassar får vekeplan også i papirform i tillegg til elektronisk.

FAU styret har sendt inn synspunkta til leiinga ved skulen som har gjort eit godt arbeid for å imøtekome våre spørsmål, vidare sender vurderingsforeskrifta som gjeld for opplæringa men vi vil samstundes påpeike at praksisen i skulen vår vert det utført fleire vurderingar/skrifteleg og samtalar enn det forskrifta pålegger.

Difor er det viktig å påpeike at det er lav terskel for å ta kontakt med lærar dersom det er spørsmål om eleven si læring og oppfølging.

Vidare ønskjer leiinga ved skulen og arbeide vidare med heim/skulesamarbeidet og informasjonsflyt samt avklare forventningar til foreldre og skule.

Vurderingsforskrifta: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_5#KAPITTEL_5

FAU minna klassekontaktane på at dei klassane som ikkje har satt dato for foreldremøte må ta kontakt med lærar og fastsette dato, foreldremøte er eit samarbeid mellom klassekontakt og lærar.

Sak 3. Helseveka og trafikk-kampanje

Tysdag i veke 6 vil FAU i lag med skulen gjennomføre ein trafikk-kampanje. Som de veit er det til tider uoversiktleg og mange uheldige trafikk-situasjonar ved skulestart og -slutt. Difor vil FAU vere med på ein slik kampanje som skulen har invitert til. Planen er å få ein foreldre frå kvar klasse, då blir det 5 foreldre ved skulestart og 5 foreldre ved skuleslutt å sjå i sentrum. Skulen vil legge ut informasjon om kampanjen på Visma, og FAU kjem tilbake med meir informasjon etterkvart.

Uavhengig av kampanjen vert det arbeidd med å greie ut ein betre ordning i sentrum for å sikre trygg skulevei, dette kjem vi tilbake til.

Sak 4. Felles foreldremøte

Viser til utsendt førespurnad på Visma om innspel til tema/føredragshaldar til foreldremøte i slutten av mars. Det er kome inn følgjande gode og aktuelle forslag:

SLT: forebygging rus/kriminalitet og bildedeling

NOK: Kropp – grenser for eigen og andre sin kropp – med forslag om Nok.

Tove Flack; inkludering/mobbing/psykisk sosialt miljø

Anders Gravdal: motivasjon / å vere god nok

Marco Elsafadi: eit stort spekter av foredrag som alle vil kjenne seg igjen i av aktuelle tema.

Jan de Lange: anti-doping Norge.

Vi oppdaterer dykk vidare etterkvart, førespurnad vert sendt ut i desse dager og pris må vurderast. Vi ønsker i år å legge opp til at alle foreldre kan vere med på alle foredraga. Vi kjem snart tilbake med dato så de kan setje av kvelden 😊

Sak 5. Bruk av mobil og smartklokke på skulen/skulevegen

Foreldre har spelt inn spørsmål til FAU om tida er inne for å sjå på reglane for mobil og smartklokke bruk i skulen/skulevegen, om evt opning for meir bruk. FAU diskuterte saka og kjem fram til at det er det beste for elevane om vi held på dei reglane som er gjeldande i dag, legg ved reglementet her.

Når det gjeld mobil/smartklokke:

Naustdal skule fylgjer dokumentet «Forskriift om ordensreglement i skulane i Sunnfjord kommune».

Under §3 Verkeområde står følgjande:

3. § 3. Verkeområde

Ordensreglementet omfattar alle kommunale grunnskular. Reglementet gjeld når skulen har ansvaret for elevane. Det vil seie i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal samt når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, for eksempel på leirskule og skuleturar. Det gjeld òg på skulevegen og skulearrangement utanom skuletid. Reglementet kan også bli gjort gjeldande på tidspunkt når skulen ikkje har ansvaret for elevane, dersom oppførselen til elevane har tilstrekkeleg tilknytning til skulen.

Vidare under §8 Bruk av elektroniske hjelpemiddel står følgjande:

8. § 8. Bruk av elektroniske hjelpemiddel

- IKT-utstyr som blir brukt i skuletida, skal brukast til skulerelaterte oppgåver.
- Privat IKT-utstyr som mobiltelefon, nettbrett, bærbar datamaskiner og liknande skal berre brukast etter avtale med skulen.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunens IKT-utstyr skal ikkje innehalde tekst, bilde, lyd eller video som kan verke støytande på eller henge ut enkeltpersonar eller grupper.
- Publisering av bilde, lyd og video på nett krev samtykke frå dei som blir eksponerte.
- Elevane kan ikkje installere privat programvare på kommunalt utstyr.
- Brukarnamn og passord er privat og skal berre brukast av den aktuelle eleven.
- IKT-bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvar, men åtferd som har tydeleg tilknytning til skulen, kan falle inn under skulen sitt ansvarsområde.
- Brot på regelverket vil føre til tiltak frå skulen.

Vidare har Naustdal skule utarbeidd ei eiga ordensrutine – med utgangspunkt i felles ordensreglement for Sunnfjordskulen – som mellom anna omtalar bruk av mobil og smartklokker i skuletida. Dette vart også sendt ut til alle heimar ved oppstart i haust – her står det fylgjande:



Reglar for mobilbruk i skuletida

Naustdal skule er ein mobilfri skule og nyttar mobilhotell i klasseromma på 5.-10. trinn. Dette inneber at elevane ikkje får nytte mobilen sin på skulen sitt område og i skuletida utan at det er gjeve særskilt løyve til dette av ansvarleg lærar.

Elevar som har med mobil til skulen, skal levere desse i mobilskåp i klasseromma ved oppstart 1. time. Lærar sørger for at mobilskåp er låste gjennom dagen. Dersom elevar ikkje ynskjer å levere mobilen i mobilskåpet, skal mobilen vere att heime. Det er ikkje høve til å legge mobilen i sekken i staden.

Skulen ynskjer at elevar på 1.-4. trinn ikkje har med seg mobil til skulen. Dersom nokon likevel treng å ha den med, må føresette gjere avtale med kontaktlærar. Mobiltelefonen skal då leverast til lærar og blir låst i inne i skap.

Dersom elevar nyttar mobil i skuletida, blir det sendt melding heim i Visma til føresette. Dersom dette gjentek seg fleire gonger, ber skulen om at føresette tek ansvar for at mobilen blir att heime.

Reglar for smartklokker i skuletida

Dagens smartklokker innehar mange av dei same funksjonane som mobiltelefon. Av omsyn til personvern skal desse difor ikkje nyttast i skuletida. Skulen oppmodar sterkt om at smartklokker ikkje blir tekne med på skulen. Dersom nokon treng å ha med smartklokke på skulen, må føresette gjere avtale med kontaktlærar. Smartklokka skal då leverast til lærar og blir låst inne gjennom skuledagen.

Bruk av mobil/smartklokke på skulevegen er krevjande for skulen å ha fullstendig oversikt/kontroll over. Her er skulen heilt avhengige av eit godt heim-skule-samarbeid, der skulen formidlar tydelege forventningar til borna og har samtalar med dei om kva som er greitt/ikkje greitt. Dersom uynskte situasjonar oppstår i skuletida – eller på skulevegen – der mobilar/smartklokker er involvert, treng skulen også hjelp frå føresette ved at t.d. mobil må ligge att heime om dagen når ein er på skulen.